



SAKSPROTOKOLL

Arkivsak-dok. 15/01380

Arkivkode

Saksbehandler Kjersti Næss Finne

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Utval for formannskap/plan og økonomi	16.04.2015	40/15
2 Kommunestyret	23.04.2015	19/15

OMRÅDEREGULERINGSPLAN TVILDEMOEN, PLANID 09014 - PRINSIPP FOR UTARBEIDING AV UTBYGGINGSAVTALER

Kommunestyret har behandlet saken i møte 23.04.2015 sak 19/15

Møtebehandling

Rep. Ståle Rørlien fratrådte som inhabil

Røysting

Samrøystes

Samrøystes vedtak

KST vedtek at følgjande prinsipp skal leggjast til grunn for utbyggingsavtalar mellom Voss kommune og utbyggjarar, for nye tiltak innafor områdereguleringsplan for Tvildemoen, planid 09014:

1. Kostnadsfordeling

- a. Ny utbygging på Tvildemoen skal bære kostnadene med tilrettelegging av fellestiltak knytt til teknisk og grøn infrastruktur.
- b. Refusjonskrav vert knytt til bruksareal, dvs BRA i tråd med rettleiar for grad av utnytting.
- c. Ein føreset at alle med nye utbyggingsprosjekt på Tvildemoen er med på finansiering av felleskostnader.
- d. For å sikre inntening til gjennomføring av naudsynte tiltak vert refusjonsgrunnlag, dvs anleggsbidraget, per kvm BRA sett til 800 kr.
- e. Anleggsbidraget skal justerast på oppgjerstidspunktet etter SSB sin byggekostnadsindeks for veg, med utgangspunkt i indeksen per 2. kvartal 2015.

2. Oppfølging og organisering

- a. Ein legg til grunn at Voss eigedom AS/Voss kommune bidreg i form av administrasjon, planlegging og byggeleiing for opparbeiding av fellestiltak og infrastruktur.
- b. Det skal etablerast ei velforeining for Tvildemoen, som etter ferdig opparbeiding av fellestiltak skal ta over ansvar for drift og vedlikehald.
- c. Eventuelle meirkostnader utover kalkyle, eller mindre inndekking frå utbyggingsprosjekt enn kalkulert, skal dekkast ved at element må byggjast til enklare standard enn føreset, eller vert utsett i tid til nødvendig kapital er på plass.
- d. Ved mindreforbruk enn kalkyle skal overskytande kapital tilførast fond som etter nærare avtale om bruk skal disponerast av velforeininga på Tvildemoen.
- e. Ein føreset at utbyggingsavtale skal inngås før det vert gitt igangsettingsløyve til nye tiltak. Innbetalingstidspunkt vert avtalt i kvar einskild utbyggingsavtale.

3. Bustadsosiale tiltak

- a. I kvar einskild utbyggingsavtale skal det gjerast ei vurdering av om det skal setjast krav til utforming av bustader og bustadstorleik.
- b. I kvar einskild utbyggingsavtale skal det gjerast ei vurdering av om det skal setjast krav om forkjøpsrett til ein del av bustadene.